



## Referat

### Områdeutval for Voss lokalsjukehusområde

<b>Dato og tid:</b>	27. april 2023 kl. 1000 - 1300
<b>Møtestad:</b>	Voss sjukehus
<b>Møteleiar:</b>	Kjersti Nordanger (utvalsleiar)
<b>Til stades:</b>	Kjersti Nordanger (Voss herad), Olav Lødemel (Helse Bergen, Voss sjukehus), Atle Grung (brukarrepresentant føretak), Brita Træbakken (brukarrepresentant kommune), Eystein Hauge (kommuneoverlege), Hans Olav Instefjord (Helse Bergen), Grete Lill Hjartnes (Helse Bergen), Solrun Hauglum (Vaksdal kommune) Karin Flatabø Thrane (Eidfjord kommune) Åshild Sønsteby (Ulvik herad), Torstein Hellesnes (Ulvik herad) Terje Langeland (Kvam herad), Britt Heidi Tefre (Norsk sykepleierforbund)  Trude Hjortland (SSE føretakrepresentant) Reidun Braut Kjosås (Sse kommunerepresentant)
<b>Fråfall:</b>	Eldfrid Nerland Haukenes (fastlege), Maria Vollseter (Helse Bergen), Line Lie (Fagforbundet),
<b>Referent:</b>	Reidun Braut Kjosås

<b>Nr.</b>	<b>Saksliste</b>	<b>Saks-type</b> (Vedtak Drøfting Orientering)
11/23	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b>  Innkalling og saksliste godkjent utan merknader	V
12/23	<b>Godkjenning av referat frå 2.feb. 2023</b> Merknader til referatet: <ul style="list-style-type: none"><li>- Sak 09/23: I Eidfjord var det kommunelege 2 som hadde sagt opp ikkje kommuneoverlegen.</li></ul> Referat frå 2.feb vart godkjent, med merknaden over.	V
13/23	<b>Voss DPS NKS Bjørkeli inn i områdeutvalet</b>	V

	<p><b>Vedtak:</b> Voss DPS NKS Bjørkeli skal frå og med 27.04.2023 vera medlem av og delta i OU Voss.</p>	
14/23	<p><b>Orientering frå SSU møte 16.feb</b> NSF representanten stilte spørsmål om kvifor NSF og andre fag organisasjonar ikkje var invitert til Partnerskapsmøte. Det er og sendt ei formell klage til Helse Bergen. Overordna avtale er uklar på dette punktet. Tilbakemeldinga vert teke med i evalueringa og Helse Bergen vil gje svar på klagen som er sendt inn.</p> <p>Det vart dialog omkring Helsepersonellkommissjonen og NOUen som er lagt fram (<a href="#">NOU 2023:4</a>) Frå dialogen:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- NOUen vert behandla ulikt i kommunane. Nokon har den oppe politisk, nokon nyttar KS sitt høyringssvar, andre skriv ikkje svar på høyringa.</li> <li>- Føretaket sender høyringssvar. Eit svar frå Helse Vest og eit frå Helse Bergen</li> </ul> <p>Mangel på helsepersonell vil utfordra helsetenesta framover. Endring i organisering og oppgåvefordeling er tiltak ein trur vil koma meir og meir. I framtida vil det vera færre helsepersonell per pasient. Dette må alle ta inn over seg. Det vert og vist til ein fersk <a href="#">rapport frå NSF</a> som handlar om å rekruttera og behalda sjukepleiar kompetanse i distriktskommunar.</p>	O
15/23	<p><b>Faglege samarbeidsutval (FSU) - Oppfølging av vedtakssak frå SSU (sak 05-23).</b> Simon Øverland, seksjon samhandling Helse Bergen orienterte om saka. Sjå vedlagt presentasjon.</p> <p><b>Frå dialogen i møtet/innspeil:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- sikre god informasjonsflyt gjennom helsestrukturen.</li> <li>- tenker at FSU forhold seg til SSU og lokal underutval til OUa</li> <li>- lokale underutval er viktig for å ivareta samarbeid med lokalsjukehuset</li> <li>- viktig for lokalsjukehuset å vera med i arbeid på tvers</li> </ul> <p>Det vart presentert eit konkret døme: Meistringsveker – mål om å gje barn og unge tryggleik og meistring knytt til deltaking og aktivitet. Samarbeid med kommunane er essensielt. Kor kan ein ta slike diskusjonar? Kunne dette vore aktuelt å teke som sak og diskusjonstema i underutval Barn og unge? Områdeutvalet var positiv til å testa ut dette.</p> <p>Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde er positive til utvikling av fagleg samarbeidsutval og utprøving slik som skissert i denne saka.</p>	O/D
16/23	<p><b>Ernæringsprosjektet</b> Eli Skeie medlem av arbeidsgruppa orienterte om saka. Sjå vedlagt presentasjon.</p> <p>Frå diskusjonen:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det kom gode tilbakemeldingar for arbeidet som er gjort.</li> <li>- Brukarrepresentant er uroa for at pårørande til pasientar som vert skrivne ut ikkje får informasjon. Dette er ei generell problemstilling og ikkje spesielt for denne saka.</li> <li>- Det var innspel om å få inn fagpersonar (innan rus og psykisk helse) som kjenner målgruppa. Områdeutvalet ber underutvalet for rus og psykisk helse om å finna representant til arbeidsgruppe.</li> </ul>	V

	<p><b>Vedtak:</b> Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde tar arbeidet om slutført retningslinje til orientering. Partane tar ansvar for å implementera retningslinja i dagleg praksis som er tilpassa sine organisasjonar.</p> <p>Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde sluttar seg til tilrådinga om å setja ned ei ny arbeidsgruppe for å utarbeide tilsvarande retningsline for pasientar innan rus – og psykiatri, og melder inn representant innan 1. juni til lokal representant i Samarbeidssekreteriatet.</p>	
17/23	<p><b>Søknad om støtte til instruktørutdanning</b> Voss interkommunale legevakt (IKL) har søkt om støtte til instruktørutdanning</p> <p><b>Vedtak:</b> Områdeutvalet for Voss lokalsjukehus gjer Voss interkommunale legevakt kr 50 000 i tilskot for å delta på instruktørutdanning. Tilskotet skal gå til å dekkja kursavgift, reise og opphald for 2 personar for MRMI kurs over 2 dagar i Sverige, september 2023.</p>	V
18/23	<p><b>Underutvalsstrukturen - fastsetting av mandat til underutvala</b> SSE orienterte om saka. Sjå vedlagt presentasjon. Frå diskusjonen</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Helse Bergen kom med forslag til tekst som bør inn i mandatet til alle underutvala: «Dele erfaringar og bidra i arbeid for ..... i heile Helsefelleskapet»</li> <li>- UFAB stiller spørsmål med om namnet skal vera «underutval for akuttmedisin og beredskap» eller «underutval for akuttmedisinsk beredskap». Historisk har UFAB stått for den fyrste tydinga. SSU vil handsama denne saka.</li> <li>- Det vert føreslått at ein brukarrepresentant til underutval for barn og unge bør/kan koma frå eit av ungdomsråda i kommunane</li> <li>- Helse Bergen oppmoda om at fleire Barn/ungdommar søker om å bli representant i ungdomsrådet. For å koma inn i ungdomsrådet til Helse Bergen må det sendast ein søknad og det blir gjennomført intervju før eventuell deltaking.</li> <li>- Underutvala skal svare til Områdeutvalet. Felles faglege samarbeidsutval (td. felles UFAB) svarer til SSU</li> <li>- Semje om at det bør vera brukarrepresentant i alle underutvala.</li> <li>- Det er ønskje frå alle underutvala å ha med fastlege representant i sine utval. Det er og ein stor kostnad for kommunane at fastlege deltek i underutvalsmøta. <ul style="list-style-type: none"> <li>o I etterkant av møtet i områdeutvalet har kommunalsjefane hatt møte og koma fram til følgjande konklusjon: inntil vidare tilrår kommunalsjefane at fastlegane ikkje vert del av underutvala. Vidare er det forventa at dei kommunale representantane involverer og er i dialog med ulike faggrupper i eigen kommunen, når saker krev dette (Dialog med sentrale faggrupper i forkant og etterkant av møter).</li> </ul> </li> </ul> <p><b>Vedtak</b> Områdeutvalet for Voss lokalsjukehusområde vedtek mandat for underutvala slik dei er føreslått men med følgjande endringar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Setninga frå Helse Bergen vert teke inn i mandatet til alle underutvala</li> <li>- Alle underutvala skal svare til områdeutvalet</li> <li>- Alle underutvala skal ha ein brukarrepresentant</li> </ul>	V

	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Brukar til underutval for barn og unge blir forsøkt rekruttert frå eit av dei kommunale ungdomsråda</li> <li>- Fastlegane vert inntil vidare ikkje del at underutvala.</li> </ul>	
19/23	<p><b>Energikonsulentar – tryggleik i overgangen frå helse til fritid</b></p> <p>Lars Peder Bovim seksjonsleiar Energisenteret for barn og unge orienterte om saka (sjå vedlagt presentasjon)</p> <p><b>Frå diskusjonen</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- kommunane er ulikt organisert. Fritids arbeidet ligg ofte i oppvekst einingane. Kommunane vil ta kontakt med aktuelle avdelingar i kommunen og orientera om prosjektet.</li> <li>- Fleire av kommunane kunne tenke seg og få til eit samarbeid omkring Energikonsulentar. <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Kvam har ei konkret satsing omkring fritid der dette tiltaket kan passa inn.</li> </ul> </li> <li>- Kommunane ønskjer å få til eit møte med Energisenteret der fleire frå kommunane deltek.</li> </ul> <p><b>Oppsummert</b></p> <p>Reidun/SSE tek kontakt med Energisenteret og finn eit aktuelt møtetidspunkt for eit teams møte der fleire frå kommunane får tilbod om å delta.</p>	O
20/23	<p><b>Oppstart av desentralisert kreftbehandling lokalsjukehus i Voss og Odda</b></p> <p>Elisabeth Guntveit leder, Regional eining fagforvaltning medikamentell kreftbehandling orienterte om saka (sjå vedlagt presentasjon)</p>	O
21/23	<p><b>Referat frå møte i underutvala</b></p> <p>Det var ingen merknader til referata</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Referat Barn og unge, 16.02.2023</li> <li>- Referat Rehabilitering, 01.02.2023 <ul style="list-style-type: none"> <li>○ ber om at overskrifta til referatet vert retta frå Samarbeidsutvalet til Rehabiliteringsutvalet.</li> </ul> </li> <li>- Referat Pleie og omsorg, 28.02.2023</li> <li>- Referat UFAB, 15.03.2023</li> </ul>	O
22/23	<p><b>Status for arbeidet med legevaktsbil</b></p> <p>Eystein Hauge orienterte om saka</p> <p>Saka handlar om avvikling og vidareutvikling av legevaktsbil i den interkommunale legevakta (IKL) i samarbeid med sjukehuset.</p> <p>Etter akuttmedisin forskrifta (§6 og §9) er kommunane pålagt å ha ein legevaktsbil. I prosjektet Legevaktsbil har ambulanspersonell frå sjukehuset vore med legevaktslegen ut på oppdrag. Dette har stort sett vore gule responsar. Dette har vore eit positivt tiltak. Sluttrapport for Legevaktsbil prosjektet er snart klar.</p> <p>I prosjektfasen har bruken av bilen auka. Det har vore gode resultat av prosjektet i forhold til at pasientar har fått raskare avklaring og raskare hjelp. Det er og grunn til å tru at dette prosjektet har avlasta ambulansetjenesta. Det har og vore fint for legevaktslegen å ha med kvalifisert hjelp ut på oppdrag.</p>	O

	<p><b>Kva skjer vidare?</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- legevaktsbilen er her (kommunalt ansvar)</li> <li>- Det er truleg gunstig å leggja til rette for vidare samarbeid med ambulansepersonell eller bruker eige personell frå legevakta som kan rykka ut saman. Rykker ut på gule og enkelte grønne situasjonar der fysisk undersøking er viktig. For å få dette til er det behov for å styrka legevaktsbemanninga (syklepeleirar) slik at to frå legevakta kan rykka ut.</li> </ul> <p><b>Oppsummert:</b> Områdeutvalet takka for god orientering. Framover bør ein nytta dei ulike strukturane som finst for å drøfta denne problemstillinga vidare.</p>	
23/23	<p><b>Psykisk helsevern for framtida, barn og unge</b></p> <p>Liv Kleve klinikkdirektør Psykisk helsevern for barn og unge orienterte om saka (sjå vedlegg)</p> <p>Områdeutvalet takka for ei fin orientering. Det kom innspel om at familieperspektivet bør koma tydelegare fram i rapporten som var lagt ved saka.</p>	O
24/23	<p><b>Orientering frå representantane</b></p> <p>På grunn av mange saker i møtet vart det lita tid til orientering frå partane. Dei som hadde saker til orientering vart bedt om å senda dei inn til SSE. Helse Bergen har sendt inn skriftleg orientering om følgjande saker (sjå vedlegg for meir informasjon om dei ulike sakene):</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Trygge overgangar ved inn- og utskriving av pasientar</li> <li>- Endring i rutine for PLO-meldingar</li> <li>- Innleggingsrapport som første melding</li> </ul>	O
25/23	<p><b>Eventuelt</b></p> <p>Det ble stilt spørsmål med om møta i områdeutvalet skulle utvidast med 1 time dersom sakslista viste seg og bli lang. Det var semje om å ikkje utvida møtetidspunktet men heller halda igjen på kor mange saker som kjem opp i utvalet.</p>	

**Neste møte:** torsdag 31.aug